

Avtale

Mellan Meland kommune og eigar av gnr 42 bnr 62 i Meland er inngått følgjande avtale:

1. Meland kommune skal bygge vassleidning frå Fløksand-Beitingen. I same grøft skal det også leggjast kablar for fiber og veglys. Det vil bli satt opp stolper for veglys langs den kommunale vegen. I samband med anlegget vert det gjeve løyve til at kommunen opparbeidar midlertidig tilkomstveg over gnr 42 bnr 62. Anlegget er planlagt gjennomført i løpet av 2016 med oppstart i mars/april. Vegen vil vere nødvendig i eit avgrensa tidsrom i anleggsperioden.
2. På trasèen nærmast Beitingen er det eit parti, mellom gnr 4 gnr 15, gnr 4 bnr 8 og gnr 4 bnr 10, der vassleidningen med kablar skal gå midt i den kommunale vegen. Her er det eit behov for ein midlertidig veg for å sikre tilkomst til og frå Beitingen når arbeidet pågår. På bakgrunn av terrenget i området er det mest tenleg at denne vegen blir lagt over gnr 42 bnr 62 og nabo gnr 4 bnr 15. Illustrasjon av tilkomstvegen ligg som vedlegg. Grunneigar aksepterar gjennom denne avtala at kommunen nyttar den trasèen som viser seg som mest hensiktsmessig.
3. Den midlertidige tilkomstvegen vil bestå av filterduk/jordarmeringsnett med grus. Avgraving av matjordlag vil bli vurdert. Et par tre vil bli fjerna. Sperrekjetting vil bli satt på plass att.
4. Etter arbeidet er ferdig vil Meland kommune sette i stand området som har blitt berørt i minst like god stand som det er i dag. Avkøyrsel vil bli utbetra og grusa.
5. Som vederlag for ulemper grunneigaren vert påført ved den midlertidige tilkomstvegen vert det utbetalt ein eingongssum på kr 2500,-.

Stad og dato:.....

Stad og dato:.....

Eigarar av gnr. 42 bnr. 62

Meland kommune

.....
Klara Eikelund Presttun

.....
Org nr: 951 549 770